



Ove Asbjørn Holmås  
Sævråsvegen  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1177 - 17/10755

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
05.04.2017

## Gbnr 100/4 Fjellsende. Industrivassføring til Mongstad. Ulempe for landbruksdrifta.

Eigedom: Gnr.100 bnr.4 m.fl. Fjellsende  
Adresse : Sævråsvegen 120, 5055 Lindås.  
Saka gjeld: Vurdering av ulempe for landbruk av vassdragsregulering  
Heimelshavar: Ove Asbjørn Holmås

### Saka gjeld:

Lindås kommune søkte 25.04.2013 om løyve til å regulere vassdraget frå Langevatn via Austevatnet, Eidsvatnet, Tykkhellevatnet og Sjursetevatnet for å skaffe sikker tilføring av industrivatn til Mongstad.

I vedtak datert 12.01.2015 gjev NVE kommunen løyve til å gjennomføre tiltaket.

I brev frå advokat Endre Grande datert 06.03.2017 til alle som er part i saka, er det begjært skjønn i samband med gjennomføring av tiltaket.

Frå ein av grunneigarane langs Austrevatnet har landbrukskontoret i kommunen vorte spurt om hjelp i samband med denne begjæringa om skjønn. Landbrukskontoret har vore på synfaring på staden. Samstundes diskuterte ein med grunneigaren dei ulempene som han såg ville verte for drifta av hans bruk, dersom tiltaket vert gjennomført. Avbøtande tiltak vart diskutert. Det dokumentet som her ligg føre inneheld landbrukskontoret si vurdering av korleis tiltaket vil virke for landbrukseigedommen, samt ei vurdering av kva avbøtande tiltak som kan vere aktuelle.

Brevet inneheld ikkje ein komplett utrekning av korleis eit tiltak skal gjennomførast eller kva det vil koste. Dette må eventuelt vere neste steg, eller det vert løyyst ved at det vert leigd inn sakkyndig hjelp i samband med at skjønnet vert gjennomført.

### Bakgrunn.

Om landbrukseigedommen/drift på eigedommen.

OverAsbjørn Holmås eig gbnr 100/4 m.fl., i tillegg har han i det siste kjøpt meir tilleggsjord.



Gbnr.100/4 har eit samla areal på 574da. Av dette er 41da fulldyrka jord og 3,8da overflatedyrka jord. Eigedommen har 143da innmarksbeite.

Naboeigedommen 100/3 vert og no eigd av Holmås. Denne jorda har 27da fulldyrka jord og 45da innmarksbeite.

Holmås har landbruk som eineyrke. Han driv 16 eigedommar inkludert sine egne. Samla er dette 131da fulldyrka jord, 85 da overflatedyrka jord og 402da innmarksbeite.

#### Om produksjon på eigedommen.

Produksjon på eigedommen er mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon på storfe og sau. Det er 15 mjølkekyr med påsett. Dessutan 35 andre storfe og 146 vinterfora sau på garden.

Holmås er ein av dei største produsentane i kommunen. I tillegg til Holmås sjølv, deltek og ektefellen aktivt i drifta. Landbruksproduksjonen er levebrødet til familien.

#### Nærare om areala og tiltaket:

Dei areala som vert råka av tiltaket i vassdraget, er dei eigedommane som Holmås sjølv eig. Dette gjeld nesten all fulldyrka jord på gbnr.100/4 og gbnr 100/3. Samla areal er om lag 70da, og det er for det meste lettdriven jord etter tilhøva her hjå oss.

Tiltaket går ut på å demme opp vassdraget med inntil 0,3m over normalnivå i Austrevatnet eller å senke nivået til 1,0 meter under dagens nivå.

Normalnivå er kote 10 og høgste vannstand vert då 10,3 meter i følge saksutgreiinga frå NVE.

Det meste av dei areala som vert råka er ei flat myr som ligg frå kote 10 og opp til om lag kote 15. Årsaka til at mykje av dette arealet vert råka ligg i at vatnet ikkje vil renne ut av grøftane når vatnet er oppdemt.

Då desse myrane i si tid vart dyrka var dei høgare enn i dag og hovudgrøfta hadde truleg utløp ytterkant av dyrka område i nordaust på om lag kote 11. No er myra etter mange års bruk mykje lågare og ein del jord er forsvunne slik at uløpet sjølv på normal vannstand ligg under vassflata. Dette gjeld haust og vår når vannstanden i vatnet generelt er høgare enn om sommaren. Myra er særst flatt med eit fall på om lag 4 meter på 300 meter. Det gjer det ekstra viktig at grøftane er opne og renn godt.

Sjølv om vatnet berre skal hevast med 30cm vil dette få store konsekvensar. Vatnet vil stå høgt opp i grøftane og gjere det enno tyngre å komme ut på jorda med våronn og haustonn.

Den effekten som er vist her vil og gjelde opp langs bekken som kjem frå sør.

Når vatnet vert ståande lenge i grøftene vil partiklar i vatnet felle seg i grøfterøra som etter kvart vert heilt tette. Truleg vil og overgangen mellom vatnet og fast grunn – strandsona – verte breiare som følgje av at vatnet stig og synk og i lange periodar vil stå inn over areal som i dag er tørt. Desse areala vil gå ut av produksjon.

#### **Avbøtande tiltak:**

Det vil truleg vere ei betre løysing for Holmås at det vert sett i verk avbøtande tiltak, enn at det vert betalt ut erstatning?

Slik Holmås ser det er det to alternativ for avbøting. Det eine er at det vert dyrka ny jord til erstatning for den jorda som går ut av produksjon/ vert umogeleg å halde så tørr at den kan nyttast til maskinell hausting.

Det andre er at den jorda som vil verte skadd av tiltaket, vert heva. Det må då køyrast til stein og jord. Nye grøftar må lagast med utløp som er godt over øverste nivå for vannstanden. Dette er truleg over kote 12. Nedbørfeltet som drenerer til vatnet er stort. Mykje vatn vil komme på kort tid og når lukene står i, vil vatnet stige til høgare nivå enn 10,3meter.

Ved å heve jorda vil mange problem bli løyst for eit tidsperspektiv på minst 30 år. Det vil såleis for lang tid bidra til vidare drift.

**Avsluttande merknad:**

Fugle- og dyrelivet, friluftslivet og landbruket er alle viktige omsyn. Til no er landbruk lite omtala i samband med dette prosjektet. Difor er det naudsynt å ta dette opp her i samband med skjønssaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ove Asbjørn Holmås

Sævråsvegen

5955

LINDÅS